



ÅL KOMMUNE



A close-up photograph of two orchid flower spikes against a blurred green background. The flower spike on the left is dark pink, and the one on the right is light purple. The image is framed by white triangles at the top and bottom corners.

**Plan for psykososialt kriseteam  
2022-2025**

## Innhald

1.	Bakgrunn og omgrep .....	3
2.	Organisering .....	3
3.	Målsetjing .....	4
4.	Definisjonar / avgrensingar .....	4
5.	Overordna prinsipp .....	4
6.	Gjennomføring .....	5
6.1	Planlagt aktivitet.....	5
6.2	Uventa hendingar.....	5
6.2.1	Innkalling / utrykking.....	5
6.2.2	Akuttfasen .....	5
6.2.3	Dag 1 -3.....	6
6.2.4	Oppfølging over tid.....	6
6.2.5	Evaluering .....	6
7	Administrative forhold .....	6
7.1	Arbeidsgjevar sitt ansvar .....	6
7.2	Dokumentasjon .....	7
7.3	Tilgjengeleg utstyr .....	7
7.4	Øvingar og samarbeid .....	7
7.5	Tolketeneste .....	7
7.6	Om aktuelle plan .....	8

## 1. Bakgrunn og omgrep

Ål formannskap skipa i 1993 eit team for sorg- og krisearbeid i Ål kommune. Seinare vart namnet endra til sorg- og krisegruppa.

Den landsdekkande nemninga på slike team er no «psykososialt kriseteam», og kommunalsjefen for helse og omsorg har bestemt at også Ål kommune vil nytte dette namnet.

## 2. Organisering

Overordna beredskapsplan for Ål kommune beskriv kommunens kriseberedskap.

- Kriseleninga er ansvarlig for koordinering, organisering og iverksetting av tiltak knyttet til omfattende ulykker eller katastrofer. Psykososialt kriseteam held seg til instruks frå kriseleninga når kriselening vert sett.
- Ved mindre omfattande kriser, og der kriselening ikkje blir sett, vil psykososialt kriseteam handtere dette sjølv.
- Andre kritiske hendingar eller situasjonar, som er av mindre akutt karakter, vert handtert gjennom det ordinære tenesteapparatet.

Kommunalsjef for helse og omsorg har ansvar for å opprette eit psykososialt kriseteam i kommunen.

Psykososialt kriseteam ligg direkte under kommunalsjefen og rapporterer dit.

Psykososialt kriseteam består av medlemar frå ulike instansar utifrå eigenskapar, interesse og vilje til å delta i arbeidet. Det er ynskjeleg at teamet er samansett slik:

- Legetenesta – ein representant frå sjukepleiarane (om det ikkje er representantar frå legetenesta kan avdelingsleiar eller legevaktsjef kontaktast i særskilt høve)
- Psykisk helse og rus – ein representant
- Helsestasjon/skulehelseteneste – ein representant
- Oppvekstsektor – ein representant
- Prestane i Ål – ein representant
- Andre

Ein av legane ved legekontoret er tildelt rolla som kontaktperson for psykososialt kriseteam.

Psykososialt kriseteam samarbeider med kommunalsjef helse- og omsorg og kommuneoverlegen.

Avdelingsleiarar i den einskilde avdeling er kontaktperson opp mot psykososialt kriseteam. Andre verksemder i kommunen kan også vera knytt til psykososialt kriseteam på tilsvarande måte.

Leiar, nestleiar og sekretær i psykososialt team blir utpeika av kommunalsjefen.

Medlemer av psykososialt kriseteam har teieplikt i samsvar med Helsepersonellova og skal skrive under på teiepliktskjema.

### 3. Målsetjing

Alle som bur og oppheld seg i Ål kommune, og som av ulike grunnar kjem i alvorlege livskriser, skal gjennom psykososialt kriseteam sikrast medmenneskeleg og kompetent kontakt.

Psykososialt kriseteam skal medverke til å styrke lokalsamfunnet sin kunnskap om og evne til å gje sorg- og krisehjelp.

### 4. Definisjonar / avgrensingar

Psykososialt kriseteam:

- er eit fagteam som yter psykososial fyrstehjelp i kriser, ved ulukker og katastrofar
- er eit koordinerande organ som straks trer i funksjon når alvorlege situasjonar oppstår, som til dømes ved alvorlege ulukker, dødsulukker, sjølvmord, drap, ved sjukdom og død der det er særskilte behov, og ved andre livshendingar som krev særskild oppfølging
- tek kontakt med avdelingsleiar i kommunal verksemd på involverte arbeidsplassar når ulike situasjonar oppstår

Avdelingsleiar i Ål kommune:

- har ansvar for å ivareta og handtere sorg- og krisearbeid i avdelinga si
- tek i samarbeid med kommunaleiinga ansvar i aktuelle situasjonar på arbeidsplassen, t.d. ved: dødsfall, alvorleg sjukdom, ulukke og livskrise
- fylgjer opp sorg- og krisearbeidet på sin arbeidsplass, t.d. gjennom oppdatering av rutinar og informasjon til kollegaer
- har ansvar for å møte på samlingane psykososialt kriseteam inviterar til
- kan også vere oppnemnt i andre verksemder i kommunen og kan då delta på samlingane til Ål kommune.

Skuler, barnehagar og øvrige avdelingar skal ha sin eigen kriseberedskapsplan og skal i kunne ta hand om hendingar innanfor eigne rammer, men kan i særskilte høve motta fagleg bistand frå psykososialt kriseteam.

### 5. Overordna prinsipp

Arbeidet i psykososialt team baserer seg på helsefaglege og etiske prinsipp i møte med menneske i kriser. Den sorg- og kriseramma skal kunne få hjelp hos den instans eller fagperson det er mest naturleg for vedkomande å ha kontakt med.

Psykososialt kriseteam og avdelingsleiar skal bidra til å mobilisere, koordinere og støtte opp under dei ulike nivå i omsorgskjeda, der rekkefylgja nedanfor gjev uttrykk for kor viktige desse er:

- a) individet si eiga evne til meistring og sjølvhjelp
- b) nettverket, - som eigen familie, arbeidskollegaer, vener og naboar
- c) fastlege og tilsette i kommunal helse og omsorgsteneste
- d) yrkesgrupper som naturleg kjem i kontakt, som politi, prestar, lærarar, ambulansepersonell, gravferdsbyrå, advokatar etc.
- e) somatisk og psykiatrisk spesialisthelseteneste, herunder spesialistar i krisepsykologi

## 6. Gjennomføring

### 6.1 Planlagt aktivitet

Psykososialt kriseteam møtes 4 – 6 gonger i året. Her planlegg teamet samlingar for leiarar, går igjennom dødsfall sidan siste møte og vurderer behov for oppfølging av pårørande og etterlatne. Teamet kan sjølv ta kontakt med dei etterlatne eller snakke med fastlege om han/ho kan ta kontakt.

Teamet held ved like eit nettverk av «avdelingsleiarar for sorg- og krise» på dei ulike arbeidsplassane i Ål kommune, og arrangerer kurs/opplæring ein gong i året som inngår i kommunen sine samlingar for avdelingsleiarane. Psykososialt kriseteam skal også kunne tilby temasamlingar for andre aktuelle bedrifter, personar og grupper etter avtale med kommunalsjefen.

### 6.2 Uventa hendingar

Psykososialt kriseteam trer i funksjon etter at ein situasjon er meldt leiar, eventuelt nestleiar. Desse fordeler oppgåver i teamet. Nedanfor går ein trinnvis gjennom dei ulike fasane i eit tidsperspektiv.

#### 6.2.1 Innkalling / utrykking

Lege og / eller politi som er kalla ut til ei uventa hending eller er på skadestaden, vurderer om psykososialt kriseteam skal kontaktast. Lege / politi kan varsle leiar for psykososialt kriseteam direkte, eller dei kan be om at Hallingdal legevaktsentral varslar leiar for psykososialt kriseteam. Kriseleninga i kommunen kan også varsle psykososialt kriseteam.

Ved større ulukker/ katastrofar - Sjå [Plan for større ulukker og katastrofar i Ål kommune](#).

Sjå oppdatert varslingsliste.

#### Framgangsmåte ved utrykking / utkalling av kriseteamet:

- Leiar kallar saman og avtaler oppmøtestad, vanlegvis i lokale nær opp til legevaka
- Avhengig av oppdraget vurder leiar kor mange som skal rykke ut. Minimum to skal delta
- Psykososialt kriseteam skaffar seg oversikt over situasjonen og opplysningane som ligg føre. Leiar tek ansvar for å få oppdaterte opplysningar
- Helseleiinga i kommunen skal informerast om oppdrag psykososialt kriseteam rykkjer ut på

#### 6.2.2 Akuttfasen

I denne fasen skal psykososialt kriseteam:

- ivareta dei ramma, være til praktisk hjelp, formidle tryggleik til dei ramma i alt det utebygg
- arbeide på lag med dei ramma og pårørande
- ut i frå type og omfang på krisa, vurdere kva for tiltak som vidare skal setjast i verk
- vurdere om det er aktuelt å fordele teamet på fleire stader, t.d. hjå råka familie, og til samling av venner/ ungdommar/ kjente i eit eigna lokale
- avhengig av situasjonen og i samråd med dei ramma eller pårørande, vurdere om det er aktuelt å varsle eller informere andre personar eller instansar, som familie, vener, arbeidsgjevar, avdelingsleiarar i skule og barnehage

- vurdere om andre hjelpeinstansar skal varslast, som Familiens hus, avd. meistring, heimetenesta, prest, psykososialt kriseteam i andre kommunar, psykiatrisk poliklinikk m.m.
- informere helseleiinga i kommunen.

Teamet har fortløpende kontakt gjennom akuttfasen sjølv om dei er på ulike stader med ulike oppgåver. Så snart det er mogeleg, skal leiar for psykososialt kriseteam sikre at heile teamet vert samla for ei uformell debriefing. Leiar har ansvar for å avklare om medlemer treng ei individuell oppfølging.

#### **6.2.3 Dag 1 -3**

Medlemene i psykososialt kriseteam held kontakten med dei personar dei har hatt kontakt med i den akutte fasen. I samråd med dei ramma og pårørande byrjar ein arbeidet med å kople inn andre personar i nettverket og i hjelpeapparatet. Leiar av psykososialt kriseteam koordinerer innsatsen og held kontakt med medlemene i teamet.

#### **6.2.4 Oppfølging over tid**

Andre instansar som fastlege, avd. meistring eller Familiens hus, skal koplast inn og tek over oppfølging over tid. Psykososialt kriseteam trekker seg gradvis ut etter kvart som andre instansar kjem inn. Det er viktig at denne overføringa av oppfølgingsansvar skjer i forståing og i samarbeid med dei ramma og pårørande.

Psykososialt kriseteam skal etter ei avgrensa tid ta kontakt med dei ramma og pårørande og sikre seg at dei kontaktar som er etablert, er kome i gang og om det er kome fram nye behov for oppfølging.

#### **6.2.5 Evaluering**

Etter avslutta hending har kriseteamet, åleine eller saman med andre fagpersonar / instansar, ei evaluering av hendinga og handteringen med gjennomgang av bl.a. desse punkta:

Kva har fungert bra? Kva kunne ein ha gjort annleis? Korleis har teamet sine medlemer det?

Der vil ein også på nytt sikre at dei pårørande / involverte er sett i kontakt for vidare oppfølging eller at dei har eit nettverk rundt seg som vil ivareta dei.

## **7 Administrative forhold**

### **7.1 Arbeidsgjevar sitt ansvar**

Kommunalsjef for helse- og omsorg er administrativt og økonomisk ansvarleg for psykososialt kriseteam.

Medlemane i psykososialt kriseteam skal få tilbod om opplæring og kurs i sorg- og krisehandtering. Medlemane vert oppmoda om å halde seg orientert på fagområdet.

Det er inga lønna beredskaps- eller vaktordning. Psykososialt kriseteam har likevel ansvar for å sikre at det alltid er medlemar av teamet til stades i kommunen, t.d. i sumarferieavviklinga.

Det skal først timar for all utrykking i samband med kriseteam. Timelister skal leverast kommunalsjef for helse- og omsorg etter at kriseteamet har avslutta sitt arbeid i aktuell hending. Kostnaden for dei kommunalt tilsette (t.d. lønns- og arbeidstidskompensasjon og køyregodtgjering)

skal dekkjast innan den einskilde arbeidstakar sitt avdelingsbudsjett. Kyrkja dekkjer eigne utgifter jmf avtale. Andre instansar får dekka sine utgifter gjennom budsjettpost for psykososialt kriseteam i helse- og omsorgsbudsjettet.

Kriseteamet sine utgifter til eigne arrangement som t.d. kurs, leiarsamlingar etc., og når særlege behov oppstår, skal etter avtale med kommunalsjefen dekkjast over budsjettposten i helse- og omsorgsbudsjettet. Rolla som leiar i psykososialt kriseteam utløyer eit funksjonstillegg dekt frå helse og omsorgsbudsjettet.

## 7.2 Dokumentasjon

Leiar av psykososialt kriseteam fyller ut «Oppdragslogg» etter kvart oppdrag. Oppdragslogg skal sendast avdelingsleiar legetenesta som i lag med kommuneoverlege arkiverer på skjerma område.

Oppdragsloggen skal innehalde:

- Hendinga (kva, når, kvar)?
- Kva teamet har gjort?
- Kven som deltok?
- Kva som er avtalt av vidare oppfølging?
- Kva for andre instansar var med?  
(vedlegg 1 Oppdragslogg)

## 7.3 Tilgjengeleg utstyr

Psykososialt kriseteam i Ål skal ha tilgang på følgande utstyr:

- vestar med påtrykk «Psykososialt kriseteam»
- kvar medlem av psykososialt kriseteam skal ha sitt eiga ID-kort med overskrift Psykososialt kriseteam

## 7.4 Øvingar og samarbeid

Øvingar skjer i tråd med kommunens beredskapsplan / plan for krieseleing.

Psykososialt kriseteam samarbeider med alle aktuelle instansar.

## 7.5 Tolketeneste

a) **Ved behov for døvetolk.** Det er mange døve i Ål kommune. Der døve er involvert på ein eller annan måte er fylgjande aktuelt:

Ved akutt behov for tolk, ring 99 48 18 10. Her får ein kontakt med tolk når som helst på døgnet, ved for eksempel sjukdom eller brann.

b) **Ved behov for utenlandsk tolk** har Ål kommune avtaler med:

**Hero Tolk:** Ordinær opningstid mandag til fredag mellom kl. 08.00 – 16:00.

Utanom ordinær kontortid blir du vidarekopla til døgnbemanna vakttelefon tlf 02541(+47 51 51 74 90) eller send e-post til [post@herotolk.com](mailto:post@herotolk.com).

**Tolk Nord** telefon: 381 00 111 (24 timers betjening) eller e-post: [post@nordtolk.no](mailto:post@nordtolk.no)

## 7.6 Om aktuelle plan

Denne planen er godkjent av kommunalsjef for helse og omsorg og sektorutval for helse og omsorg. Den er ei fagplan innan helse- og omsorg, men er også ein del av planverket innan beredskap i Ål kommune.

Psykososialt kriseteam er ansvarleg for å arbeide i samsvar med planen og etter gjeldande rutinar. Psykososialt kriseteam skal sørge for at denne planen er godt kjend.

Planen skal reviderast kvart fjerde år eller tidlegare dersom det er naudsynt. Leiar er ansvarleg for gjennomgang i teamet og revidering av planen.

## 7.8 Relevante statlege styringsdokument

[Mestring, samhørighet og håp. \(helsedirektoratet.no\)](#) IS-2428 Veileder for psykososiale tiltak ved kriser, ulykker og katastrofer.

[Helse og omsorgstenesteloven](#)

[Pasient og brukerettighetsloven](#)

[Lov om helsemessig og sosial beredskap](#)